



DEN NORSKE KYRKJA
Soknepresten i Gaular
6973 SANDE i SUNNFJORD

Telefon 95100916/E-post: frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no

Sande 18.08.2026

Kjære Gaularkonfirmant!

Så flott at du har valt å vere konfirmant i kyrkjelyden din!

Me gler oss og ser fram til å starte det nye konfirmantåret no snart og vonar me skal få eit kjekt og lærerikt år saman.

Det første som skal skje no er at dine foreldre/føresette vert invitert til informasjonsmøte i kyrkjelydshuset på Sande. Konfirmantane skal ikkje vere med på dette, for:

Oppstartsamling for konfirmantane skjer onsdag 02. september kl. 1900-2100 i kyrkjelydshuset på Sande. For oppdatert informasjon: "Gaularkonfirmantar 2026" på face.

Konfirmantar i Gaular har tilbod om å gjere gruppeval som del av konfirmanttida (Friluftsliv, Z m.m.). Me har no fordelt gruppene og alle har fått første eller andre valet sitt. Vi kjem til å snakke meir om dette på første samlinga.

Vel møtt til første samling!

Til foreldre/føresette

Gratulerer med konfirmant! For å få gjeve god informasjon og høve for dykk å kome med spørsmål/synspunkt eller forventningar, inviterer me til møte for foreldre/føresette. Denne gongen skal konfirmantane ikkje vere med.

Møtet vert **torsdag 27. august kl. 19.30 – ca. 21.00 i Sande kyrkjelydshus** og er felles for heile Gaular.

På dette møtet vil me orientere kort om konfirmanttida, om undervisninga som vert gjeven og om praktiske sider ved sjølve konfirmasjonstida. TIPS: Ta med kalender eller avtalebok.

Det blir gjeve meir informasjon om dei ulike gruppevala på foreldremøte. Sjå også "Gaularkonfirmantar 2027" på face – bli medlem der!

Vel møtt!
Med helsing

Frode Skeide
-Sokneprest -